

Helse i lokallitteraturen

Bibliografi for Møre og Romsdal



Helse i lokallitteraturen

Bibliografi for Møre og Romsdal

Helse i lokallitteraturen

Bibliografi for Møre og Romsdal

av

Dag Skarstein, Vidar Kursetgjerde og Bodil Lillelien

Utgjeve i samband med
Det offentlege helsevesen
400 år - 2003



av

Fylkeslegen i Møre og Romsdal
i samarbeid med
Romsdal sogelag

Molde 2002

Bibliografien er finansiert av Fylkeslegen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Legeforening.

Den er distribuert gratis til kulturetaten i alle kommunar, skolar og bibliotek. Romsdal sogelag har stått for det praktiske arbeidet med trykking og distribusjon. Restopplaget har Nordmøre historielag, Romsdal sogelag og Sunnmøre historielag fått med tanke på sal til interesserte.

Trykk: EKH trykk, Molde

Innbinding: Gjøvik Bokbinderi as

Opplag: 1200

ISBN: 82-90169-67-1

Innhold

Forord av Dag Brekke	7
Helseutvikling gjennom 400 år av Ottar Ødegård	9
Om bibliografien av Dag Skarstein	23
Helse i lokallitteraturen	25
Møre og Romsdal	25
Sunnmøre	35
Giske	37
Haram	38
Hareid	39
Herøy	39
Norddal	40
Sande	40
Skodje	41
Stordal	42
Stranda	42
Sula	43
Sykkylven	44
Ulstein	44
Vanylven	45
Volda	45
Ørskog	47
Ørsta	48
Ålesund	54
Romsdal	57
Aukra	60
Fræna	61
Midsund	64
Molde	65
Nesset	79
Rauma	81
Sandøy	83
Vestnes	84

Nordmøre	86
Aure	87
Averøy	87
Eide	88
Frei	88
Gjemnes	88
Halsa	89
Kristiansund	89
Rindal	92
Smøla	92
Sunndal	94
Surnadal	94
Tingvoll	95
Tustna	96
Forfattarregister	97
Emneregister	105

Forord

Kongen i København ansatte den første lege i Norge 3. juni 1603. Sosial- og Helsedepartementet har bestemt at 400-årsjubileet for denne hendelsen skal markeres i Bergen i juni 2003. Det er videre gått ut oppfordring til alle landets fylkesleger om å markere begivenheten i alle fylker og da konsentrert om fremveksten av det offentlige helsearbeid i Norge gjennom 400 år.

Fylkeslegen i Møre og Romsdal har oppnevnt følgende jubileumskomite: Bedriftsoverlege Dag Brekke (leder), kommunejordmor Marianne Klokset Aspås, helseøster Astrid Grydeland Ersvik, helse og sosialsjef Johan Hagerup, lege/lokalhistoriker Ottar Ødegård, førstekonservator Bjørn Austigard, rådgiver Eva Kristin Ødegård og førsteamanuensis Ove Bjørnar.

I dag tror mange at helsevesenets betydning i befolkningen er avhengig av sykehus og høyteknologi. Historien lærer oss at det viktigste for å opprettholde en god helsetilstand i befolkningen er

- nok mat
- rent vann
- sikker mat
- god offentlig hygiene (kloakk, renovasjon, lite forurensninger)
- fysisk aktivitet

Men alle gamle behandlingsmetoder er ikke verdt å kopiere. Dagens «naturmedisin» er i stor grad gamle behandlingsmetoder som den lærde medisin har forlatt. Fordums mangehånde forsøk er likevel nyttige å kjenne til.

Møre og Romsdal har hatt en befolkningsutvikling og utvikling av helsetilstand og helsevesen som landet ellers. Opp gjennom årene har mange skrevet om tiltak og hendelser. Jubileumskomiteén har sett det som viktig å gjøre dette stoffet kjent og tilgjengelig.

Komitén har derfor bedt en arbeidsgruppe om å utarbeide en bibliografi over det som gjennom tidene er skrevet om helsetjenester og helsetilstand i Møre og Romsdal. Denne boken vil gjøre det enklere for dem som er interessert i medisinsk historie å finne kilder og få tilgang til stoff, det være seg skoleeleven til sin sær oppgave eller forskeren til sitt prosjekt.

Arbeidsgruppen har bestått av:

Bjørn Austigard, Romsdalsmuseet
Vidar Kursetgjerde, Fylkesbiblioteket
Dag Skarstein, Molde bibliotek
Bodil Lillelien, Kristiansund folkebibliotek
Ottar Ødegård, Jubileumskomiteen
Toril Steien, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Rolf Strand, Molde videregående skole

Førstekonservator Bjørn Austigard har vært en effektiv pådriver for å få prosjektet i havn, og tidligere overlege Ottar Ødegård har satt stoffet inn i en medisinsk historisk ramme.

Bibliografien utgis av Fylkeslegen i Møre og Romsdal i samarbeid med Romsdal sogelag. Den er finansiert av Fylkeslegen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal legeforening.

En bibliografi kan se kjedelig ut, men er portåpner til utrolig mye spennende stoff: Lykke til med bruken!

Dag Brekke
Leder av Jubileumskomiteen

Helseutvikling gjennom 400 år


Av Ottar Ødegård.

Gjennom alle tider har sjukdom og vanhelse vore menneska sin lut og lagnad: daglege og årlege plager, men også farsotter som rasa over land og verdsdelar slik som svartedauden og spanskesjuka. No har vi AIDS med tilfelle i alle land. Smittestoff kan ligge i dvale og så loge opp at der motstandskrafta er borte, slik som med tuberkulose eller poliomyelitt. I pakt med naturen vart kvinnene svangre og fødde born. Det førde ofte komplikasjonar med seg, og kvinnene trøng mykje hjelp. Og mennene skulle slåst – med grannen eller i krigar. Av det vart det mykje skadar.

Hjelpelaust er eit alvorleg sjukt eller skadd menneske. Slektar prøver hjelpa, det ligg i genene. Gode grannar så langt dei kan. Etter kvart kom det menneske som var lært opp til å hjelpa. Først lærde dei av å sjå og høre kva andre gjorde. Kloke koner, hjelpekoner, bartskjær og feltskjær. Så vart det skular og allskular, jordmødre, pleiarar, legar med meir og meir utdanning. No var det også komne frivillige organisasjonar med hjelp til sjuke og trengande.


I Noreg fekk vi vårt eige universitet i 1811. Før det hadde nokre nordmenn utdanna seg til legar i København. Og vi fekk danske eller tyske legar. Den første offentlege lege i Noreg vart tilsett for 400 år sidan. Han var dansk, heitte VILLADS NIELSEN ADAMSEN og vart tilsett i Bergen 3. juli 1603. Han var født i 1564 og var truleg son av presten Niels Adamsen i Randers. Villads hadde si utdanning frå fleire europeiske byar og kom til Bergen i 1599. Tilsett som offentleg lege 3. juni 1603. Han døydde i Bergen i 1616 (1).

I 2003 skal det feirast jubileum over heile landet. Det er ikkje først og fremst den danske legen som skal minnast, men det skal vere ei marke-



Kart over sjukehusområdet på Reknæs i Molde kring 1860. Hovudbygningen (a) vart bygd 1713-1716 og riven 1862. Det same var tilfelle med «Rådskonens Bolig» (c). I samband med bygginga av den nye hovudbygningen i 1865-66, vart «Legens Kontor og de Syges Badeværelse» (b) flytta dit «Rådskonens Bolig» før hadde stått. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)

ring og mònstring av heile vårt helsevesen. Det skulle enno gå mest 200 år før Møre og Romsdal (som då heitte Romsdal amt) fekk sin første offentlege lege. Først ved reskript av 1784 vart det oppretta eit «landsphysikat» for heile amtet (2). Men legar kom det til Noreg og også vårt område i denne tida. Til Kristiansund kom Petter Grauer frå



Kart over Reknes Pleiestiftelse.

a) Hovedbygning, b) Kapel og Inspektørerådts Bolig, c) Køsterbygning, d) Verkstedbygning, e) Vedhus, f) Kultus, g) Stoffprod., h) Lighus, i) Saubod, j) Reknes Gaard tilhørende, l) Byggeplassen, m) Hovedveien.

Sjukehusområdet på Reknes etter 1866. Institusjonen hadde no skifta namn til «Reknes Pleiestiftelse». (Romsdalsmuseets fotoarkiv)

Berlin i 1660 (døydde i 1674). Han var «velutdannet lege» (3), men vi veit ikkje om han praktiserte i byen. Sunnmøre fekk Johan Lexau i 1758. Skulle vere utdanna lege, men praktiserte som «chirurgus». Gottlieb Fredrik Lange kom til Reknes (leprosariet ved Molde) i 1777 utan å vere fast tilsett (4). Den første i landsfysikatet var Johannes

Smith. Han var født i 1758 i Slagelse på Sjælland og tilsett som landsfysikus i Romsdal amt i 1784. I tillegg var han kirurg ved Reknæs Hospital. Han døydde alt året etter. På den tid Smith var i fylket vårt, var det neppe meir enn 15 legar i heile landet (5).

Mathias Joachim Goldt (1759–1808) var også lege for heile amtet. Han og var dansk, født i Assens, utdanna i København. Han vart tilsett som landsfysikus i Romsdal amt i 1787. I tillegg var han lege ved Reknæs Hospital. Han vart i Molde gift med Christina Margrethe Worm, f. Møller. I si embetstid budde Goldt ute ved Alexandra Hotell «i Nær værelsen af Toldboden». Men ved gardkjøp og makeskifte vart han eigar av Nøisomhed innafor Molde og bygde der. Herskapsbustaden var ferdig i 1797. Goldt hadde skral helse, «var krøbling» står det i hans vita (6), og han budde mest på Nøisomhed etter å ha gått av som landsfysikus.

Frå 1791 skulle det attåt landsfysikus vere ein «amtschirugus for at læge saar, benbrud, brok og andre udvortes skader». Denne skulle «fæste bolig i Borgensund (Borgund) på Søndmør». Den første av desse var Johan Carl Ludvig Wittaseck (1758–1809). Han var født i Rendsburg, hadde kirurgisk eksamen frå Amfiteatret i København i 1784, og kom til Noreg i 1791 som kirurg i Romsdal amt. Det ser ikkje ut som han vart så lenge her i landet (7).

Den neste var Wilhelm Christian Schladermund (1768–1823). Også han født i Rendsburg. Han vart busett i Molde og fekk to periodar der. Først som «Batallionschirurg ved 2det Trondhjemske Infanteri-Regiment», og, etter å ha fullført sine studier, som distriktskirurg i Romsdal amt. Han var også konstituert som landsfysikus i Romsdal amt. Til slutt står han som «Distriktschirurg i Romsdals Fogderi og Læge ved Reknæs Hospital». Under opphaldet i Molde vart han gift på «Veø Prestegaard» med Maren Maria Krog, dotter av prost Peder Offesen Krog og hustru Anna Dons. Schladermund og kona hadde 6 born, og i medisinalmeldinga for 1804 skriv han mellom anna: «Næringsssorg og Fremskridt i Medicinen stemmer umulig overens, og dette føler jeg daglig med at forsørge en talrig Familie med smaae Vilkaar».

Vi er no komne så langt at også dei som vart tilsett som «chirurgus» hadde teoretisk opplæring og tok sine eksamenar i København, der det Anatomisk-chirurgiske Theater vart oppretta i 1736 (5). Niels Christopher Suhr (1768–1816) var også ei stund kirurg i Romsdal amt. I 1813 tilsett som «Distriktskirurg i Romsdals Fogderi og til Læge ved Reknæs Hospital i Molde. Han var tillige constitueret som Distriktskirurg i Nord- og Søndmøre» (6). Så kom Mathias Albert Haberdorph Broch (1773–1853). Han hadde dobbeltstillinga frå 1823 til 1835. Dei 10 siste åra var han også konstituert som distriktskirurg på Nordmøre. Han var norsk, men hadde eksamen frå København. Døydde i Molde.

Den siste i dobbeltstillinga var Jacob Ludvig Hoffmann (1795–1853). Han var også norsk, og han var den første av desse legane som hadde norsk medisinsk eksamen. Sin eksamen fekk han i 1820, men då hadde han alt i nokre år vore «Compagnichirurg ved den norske Armee». 1820–23 var han distriktslege i Sunnmøre fogderi. 1823–24 også konstituert distriktslege i Romsdals fogderi og lege ved Reknæs Hospital. Åra 1824–37 var han utafor fylket, men 1837–55 tilsett som distriktslege i Romsdals fogderi og lege ved Reknæs Hospital.

I 1855 vart Romsdal delt i Indre og Ytre Romsdal legedistrikt. Hoffmann budde i Molde og heldt etter delinga fram som distriktslege i Ytre Romsdal distrikt, «fra hvilket Embede han 10. Janr. 1863 i Naade blev entlediget – » (7).



Personalaet ved Reknes Sanatorium kring 1912: frå venstre søster Bertha Hamre, overlege Edvard Kaurin, assistentlege Nils Lunde, forvaltar Karl Ruud og søster Beate Frøise. (Foto Anders Tolaas/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

Oppdeling av distrikta og fleire legar

Det var altså i Hoffmanns tenestetid at distrikta vart meir oppdelt, og det dermed kom fleire distriktslegar. I 1836 vart fylket delt i 4 distrikt: Søndre Søndmøre, Nordre Søndmøre, Romsdal og Nordmøre Lægedistrikt. Men framleis var det langt mellom legane, og dei vart ikkje sørkt i utide. I 1850 vart Nordmøre delt i to: Indre Nordmøre og Ytre Nordmøre. I andre halvdel av 1800-talet var det fleire endringar av distriktsinndelinga (5).

Ved hundreårsskiftet (1900) var inndelinga slik:

- | | |
|-------------------|---|
| 1) Vestre Søndmør | Vannelven, Sande, Herøy og Ulstein. |
| 2) Indre Søndmør | Volden, Ørsten og Hjørundfjord. |
| 3) Østre Søndmør | Sunnelven, Norddalen og Strandens. |
| 4) Ørskog | Søkkelen, Ørskog og Skodje, Borgund, Roald og Haram (inkludert Ålesund kjøpstad). |

- | | |
|--------------------|---|
| 5) Indre Romsdal | Vold, Eid, Grytten, Veø, Eresfjord og Vistdal og Nesse. |
| 6) Ytre Romsdal | Vestnes, Bolsø, Frænen, Akerø, Sandø og Bud (inkludert Molde kjøpstad). |
| 7) Søndre Nordmør | Kvernes, Frei, Øre og Strømsnes (inkludert Kristiansund Kjøpstad). |
| 8) Sundalen | Tingvold, Øksendalen og Sundalen. |
| 9) Surendalen | Stangvik, Surendalen, Rindalen og deler av Halse. |
| 10) Nordre Nordmør | Aure, Tusteren, Edø og deler av Halse (5). |

Enno var det sjølvsagt langt mellom legane. Nokre militærlegar kom det etter kvart, og desse dreiv gjerne privat praksis attåt. Vi skal sjå litt på dei sjukdomar distrikslegane hadde å kjempe mot – i tillegg til dei offisielle plikter. Men først litt om levekåra i 400-årsbolken.

Levekår og ernæring

Seinmellomalderen var ei nedgangstid for landet vårt. Økonomien var ring, folketalet gjekk ned. Det var år med dårlege avlingar og svolt, og helsetilstanden var dårleg (8). Svartedauden med kanskje halvert folketal, øydegardar med nedsett jordbruksproduksjon, sette landet tilbake for mange slektledd framover. Klimaet var også dårlegare etter svartedauden. Den såkalla «lille istid» fekk vi på 1600 og 1700-talet, men då fekk vi monaleg auking av folketalet igjen (9).

Havre, potet og sild

Det var liten variasjon i det daglege kosthaldet. Det vart mykje graut og suppemat. Men det var ikkje kvart år at kornet vart moge. Havre var sikrare enn bygg, og det var mest havreåkrar på våre kantar. Det vart havregraut, flatbrød og omnsbrød (10, 11). I nedgangstider greidde kyststroka seg best; dei hadde fisken i bakhand. Etter tronge år kom poteten til landet på slutten av 1700-talet. Utover på 1800-talet kom den i bruk i alle lag av folket. Dette hjelpte mange som hadde lite mat. Og så kom silda! Fiske har alltid vore til hjelp for dei som bur nær sjø-

en. Også frå innlandet søkte mange til kysten når svolten truga. Silda vart ein sers viktig del av næringstilfanget frå havet. Sild har vore rekna som fattigmannskost, men med sitt rike innhald av ymse næringsstoff gav den fullverdig ernæring, i allfall saman med poteten. På 1500-talet vart det fiska så mykje sild at det vart eksportartikkel, og det hjelpte på samfunnsøkonomien. Sjølv om fiskefangstane var variable, fekk silda mykje å seie for norsk kosthald og økonomi i hundreåra som kom. Men tilbakeslag kom. Såleis var siste halvdel av 1600-talet ei tid med därlege fiskefangstar og tronge kår for mykje av folket. Også sidan kom det mange uår med därlege avlingar og «svart hav». Slike år slo også ut på helsetilstanden (8, 9, 10).

Helsetilstand og sjukdom

Spedbarnsdød har vore brukt som indikator på helsetilstanden i eit samfunn. Og her kan vi vise til stor betring i 400-årsbolken. I 1880 døydde 100 første året av 1000 levande fødte. 100 år etter var det berre 9 av 1000 som døydde i spedbarsalderen. Svartedauden (1349–50) er den største helsekatastrofa vi kjänner til i vårt land. Nokre mindre pestepidemiar var det også etterpå, men så var det slutt her hos oss. Men det var nok sjukdomar likevel.

Frå krigs- og krisetider les vi om «landfarsot» (truleg tyfus) og «blodgang» (dysenteri), og slike epidemiar tok gjerne livet av fleire enn sjølve krigshandlingane (12). Lepra (spillsjuke) høyarde til folkesjukdomane i Noreg i gamal tid. Tidleg fekk vi serskilde sjukehus for spedalske, leprosarier. Det mest kjende av desse var St. Jørgens Hospital i Bergen, som truleg vart opna alt i 1310. Frå Bergen er også Armauer Hansen (1841–1912) kjent. Han oppdaga leprabacillen (13). Her i amtet hadde vi leprosariet på Reknes. Det vart opna i 1716 etter tiltak av amtmann Nobel «for fattige spedalske av Romsdal Amt». Leprosariet vart utvida i 1794 for også å kunne ta mot pasientar med skjørbusk og radesjuke.

Mot slutten av 1800-talet var det jamn tilbakegang av spillsjuka i Noreg. Samstundes auka talet på tuberkulosepasientar, og i 1897 vart Reknes vårt første statssanatorium for tuberkuløse. Denne sjukdomen vart den største mannedreporen i ein lang periode. Den var på topp ved

hundreårsskiftet (1900), då 1/5 av alle dødsfall var tuberkulosedød i vårt land. Sjukdomen råka serleg unge menneske og var eit stort helseproblem heilt fram til andre verdskriga. I vår tid er tuberkulosen igjen aktuell, men i mindre omfang.

Koppar, variola, har herja over store deler av verda. Det er ein virusinfeksjon som er svært smittsam hos uvaksinerte. Det har vore mange store koppeepidemiar også i Noreg, og mange døydde, serleg småbarn. 1772–80 var ein ille periode med koppar i Romsdalsbygdene (14).

Lov om koppevaksinasjon kom i vårt land så tidleg som i 1811. Ei rad prestar arbeidde for å få i gang vaksinasjonen, men det var mykje motstand. Ikkje alle motargument var like saklege. Thv. Boeck skrev i «Norden» III, 1867: «At kokoppeindpodningen også er blevet antaget som Grund til Sildens og Torskens Bortebliven fra Kysten fortjener fremdeles at erindres».

Spanske sjuka er det enno somme blant oss som hugsar. Det var ein influensasjukdom som rasa over store deler av verda ved slutten av første verdskriga. Til Noreg kom Spanske sommaren 1918, og herja i dei fleste bygder langt ut i 1919. Nokre grender hadde unngått smitten, men der kom gjerne sjuka så seint som i 1920. Spanske drog ofte med seg ettersjukdomar, og mange døydde. Medisinalrapport for Møre fylke (det var fylkesnamn frå 1919–35) i 1919 fortel om 3112 tilfelle av spanskesjuka, og 97 døydde av sjukdomen det året i vårt fylke.

Difteri vart i Noreg først omtala i 1822, og namnet «difteri» vart første gong brukt i 1842. I 1840-åra herja sjuka serleg i Trøndelag, og den vart ofte kalla «Den Trondhjæmske Halsesyge». Difteri var frå 1850-åra nokså



*Leprapasi ent ved Reknes
Pleiestiftelse fotografert av Eilert Dahl i 1890-åra. Dette var truleg ein av dei som vart flytta over til St. Jørgens Hospital i Bergen då institusjonen i Molde vart lagt ned.
(Romsdalsmuseets fotoarkiv)*

permanent her i landet (15). Sporadiske tilfelle årleg, men også med store epidemiar og mange dødsfall, til dømes først i 1860-åra og i 1890. Under begge verdskrigar var det mange difteri-tilfelle, men så var det også slutt.

Tyloidfeber veit vi om i vårt land mange hundre år attende. Det er ein akutt bakterieinfeksjon. Den vart gjerne kalla nervefeber før dei kjende til bakterien som valda sjukdomen. Den kom ofte i epidemiar og kunne lett spreia i drikkevatnet. I 1864 var det mykje tyloidfeber på våre kantar, likeeins i 1866, 1891 og 1897 med nokre dødsfall. I 1903 var det mange tilfelle av tyloidfeber i Ytre Romsdal, men flest tilfelle «i det gamle tyfus-rede Tresfjorden; her begynte Epidemien omkring Sylte Meieri plutselig med 17 Tilfælde i 11 Huse», les vi i Medisinalrapporten (16).

Poliomyelitt vart først omtala frå Sør-Odal i 1868. Det er ein virusinfeksjon i nervesystemet med hjernehinneaffeksjon og eventuelt pareser. Denne sjukdomen fekk ikkje herja meir enn i 90 år hos oss, for i 1957 var effektiv vaksine i bruk. Men på eit par mannsaldrar hadde polio teke livet av mange, og invalidisert enno fleire. Store polioepidemiar var det i Noreg rundt 1912, under siste krig og i 1950-åra.

Skarlagensfeber (scarlatina) er vi ikkje redde for i dag. Men før var det ein alvorleg og frykta sjukdom, og mange av oss hugsar den omstendelege isolering som vart sett i verk når det kom skarlagensfeber til ein heim (18). Årsaka til sjukdomen er ein streptokokk som penicillin er verksam mot. Behandlinga er kurant og isolering er no lite aktuelt.

Meslingar og kikhoste var også farlege sjukdomar før. Dei høyrer til barnesjukdomane, men vaksne kunne også få infeksjonane. Ofte var det ettersjukdomar, og somme strauk med.

AIDS. Det har kome nye tider og nye sjukdomar. Det største helsetrugs-mål i vår tid, serleg i utviklingsland, er Aids-epidemien. Kanskje vil dette verta like stor katastrofe for verda som svartedauden. Somme stader i Afrika er halvparten av folket Hiv-smitta, og etter kvart er det store skarar av foreldrelause born etter at dei Aids-sjuke foreldra er døde. Så langt er det inga vaksine og inga kurerande behandling for sjukdomen.


Medisinsk utvikling på 400 år

Villads Nielsen Adamsen vart tilsett som første lege i Noreg i 1603. Anna utdanna helsepersonell var det ikkje i landet då. Jordmødrene var enno ikkje på banen (vår første jordmorskule kom i 1818 – nokre utdanna i København før det). Utdanna sjukepleiarar var det heller ikkje; Cathinka Guldberg kom heim frå Tyskland til starten av Diakonissehuset i 1868. Dette var vår første sjukepleieskule. Sjuke folk kunne kanskje få familien eller grannar til hjelp. Eller så kom det kloke koner (og menn) med koppling eller igler eller årelating. Dei same hjelpearåder brukte dei første legane og.

Verksame medisinar var det lite av. Likevel var det viktig å søkje hjelp. «Trøyste, lindre, av og til helbrede», har vore ein god regel for legane. Jacob Breda Bull (1853–1930) fortel – før legane hadde antibiotika – om Vesleblakken som vart sprengt for å få legen heim i tide til vesleguten med lungebrann. Og guten overlevde, men ikkje hesten.

For psykiatriske pasientar var det enno mindre hjelp. Dei var «avsindige» og dei sjukaste skulle berre isolerast i celler eller bur, eller reimar, for ikkje å skade seg sjølv eller andre. Men mildare etter kvart, rolege pasientar vart utplassert i pleie hos private mot godtgerdsle. Somme fekk det bra, andre vart berre nytta som gratis arbeidshjelp. Opdøl Asyl kom først i 1913.

Apotek kom det tidleg i Noreg. Då Villads kom til Bergen hadde det vore apotek der i 8 år (det første i landet). Apotekaren kom truleg frå Nederland, men arbeidde saman med ein ukjend kvakksalvar i Bergen (19). Det første apotek i vårt fylke kom i Kristiansund i 1756. Molde fekk filial under Kristiansund i 1758, og sjølvstendig apotek i 1793. Ålesund fekk filial under Molde i 1818, og sjølvstendig i 1823 (20). På apoteka kunne folk få ulike naturmedisinar, igler og koppeutstyr. Og sjølv sagt alt det legen hadde skrive resept på. Og så kunne dei få gode råd gratis.



Bruken av medisinar av alle slag har auka sterkt den siste mannsalderen. Bildet viser prosvisor Gunnar Søvik ved Molde Apotek i samband med innføring av «blå resept».
(Foto Romsdal Folkeblad/-Romsdalsmuseets fotoarkiv)

Helsevesenet i vår tid

Men tida gjekk og framgangen kom. Rundt 1850 kom kloroform og eter som gjorde narkose mogeleg. Aseptikk og antiseptikk gjorde operative inngrep sikrare. I 1880-åra vart ei rekke bakteriar oppdagata. Dette var viktig i kampen mot infeksjonssjukdomane, men det skulle enno gå fleire ti-år før dei første kjemoterapeutika/antibiotika kom. Fleire og betre institusjonar kunne hjelpe sjuke og gamle. Mange førebyggande helsetiltak kunne betra helsetilhøva for alle lag av folket. Der det kom EIN lege for heile landet i 1603, er det i 2002 18335 legar, eller ein lege per 247 innbyggjarar.

Ivrig forsking er stadig på gang for å løysa medisinske gåter. Tid om anna skjer det framsteg som gjev von om betre helse og mindre sjukdom. Teknologisk utvikling har gjort det mogeleg med inngrep på menneske som var utenkeleg ein generasjon tilbake. Organ kan flyttast frå menneske til menneske, og frå nyleg avdøde. Dyreorgan vil det også verta mogeleg å operera inn på menneske. Stamceller kan nyttast til ulike føremål. Kloning er mogeleg. Ein kan kopiera levande vesen. Vi har forsynt oss grådig av kunnskapens tre! Men så må politisk overprøving til. Kor langt ynskjer vi å gå? Det er ikkje lenger spørsmål om kva ein kan få til når ein har ressursar nok, men kva som er rett og moralsk. Dette er noko av helsediskusjonen i ei ny tid – i vår tid.

Kjelder:

1. Carøe, Kristian (red.): Den danske Lægestand og Licentiater 1479–1788. København og Kristiania; Gyldendalske Boghandel og Nordisk Forlag 1909.
2. Dahl, Bastian: Læger i Romsdalen 1784–1892, kap. i boka Molde og Romsdalen 1892.
3. Williamsen, Odd, Nordmøre museum, Kristiansund (personleg kommunikasjon).
4. Rabben, Bjarne: Art. i Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 2000, Ålesund.
5. Larsen, Arne Victor: Legedekning og distriktsinndeling, kap. i jubileumsboka Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år.
6. Kiær, Frantz C. (red.): Norges Læger i det nittende Aarhundre (1800-1886). Anden Udgave. Christiania: A. Cammermeyer 1888 (bd I), 1890 (bd II).
7. Kiær, Frantz C. (red.): Norges Læger 1800–1908. Kristiania: H. Aschehoug & Co.(W. Nygaard), 1908–1912 (bd I), 1915 (bd II).
8. Birkenes, Jon: Norsk Historie før 1850, Gyldental Norsk Forlag A/S 1993.
9. Bagge, Sverre og Mykland, Knut: Norge i dansketiden, Cappelen 1987.
10. Tvinnereim, Jon: Fylkeshistorien for Møre og Romsdal, bind 2 (1835–1920), kap om Nye matskikkar.
11. Schnitler: Beskrivelse over Romsdals Fogderi 1768 og 1789. Romsdal Sogelag 1974.
12. Inderhaug, Anton: Nedskrivne rapport etter sokneprest Munthe i Bud. Fræna kommunale arkiv.
13. Vogelsang, Th. M.: Om Armauer Hansen og spedalskhetens historie i Norge. Universitetet i Bergen. Småskrifter 1962.
14. Øverås, Asbjørn: Romsdalssoga II, Romsdals Ungdomssamlag 1941.
15. Reichborn-Kjennerud, I, Grøn, Fr. & Kobro,I: Medicinens Historie i Norge. Grøndahl & Søns Forlag, Oslo 1936.
16. Riksarkivet, Oslo: Medisinalberetninger fra distriktslegene i Ytre Romsdal og Bud legedistrikt.

17. Bergmark, Matts: Från pest till polio. Natur og Kultur, Stockholm 1957.
18. Universitetsbiblioteket i Oslo: N.O.S. Sundhetstilstanden og Medicinalforholdene i Norge 1864-1919.
19. Flood, J. W.: Norges apothekere fra 1588 til 1908.
20. Berg, Sverre: Molde Apotek 200 år. Molde Apotek 1993.

Anna litteratur

Døssland, Atle: Fylkeshistoria for Møre og Romsdal, Bind I (1671–1835).

Gammalt frå Fræna, årsskrift for Hustad sogelag og Fræna sogelag og bygdeboknemnd, ymse årgangar.

Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år. Møre og Romsdal lægeforening 1986.

Jubileumsskrift: Fræna kommune 150 år. Fræna bygdeboknemnd 1987. Romsdal sogelag. Årsskrift, ymse årgangar.

Om bibliografiens

Målet med arbeidet var å gjennomgå og registrere det som finst om helse i lokallitteraturen. Vi har gått gjennom bygdebøker, lokale årbøker og sjølvstendig utgjevne skrifter og teke med det som har eit omfang på omlag eit kapittel. Vi har også teke med det som er mindre, dersom det gjeld eit emne det er skreve lite om. Med få unntak er det ikkje med rapportar/planar eller andre dokument frå offentlege, politiske eller faglege organ. Bibliografien har derfor vekt på det kulturhistoriske og ikkje på det helsefaglege. Helse har vi tolka nokså vidt, men vi har prøvd å dra ei grense mot generell eldreomsorg og andre sosiale ytingar, som t.d. fattigforsorg. Vi har ikkje noko tidsavgrensing.

Arbeidet med å finne innførslane i bibliografien var delt mellom Vidar Kursetjerde, som har teke for seg Sunnmøre, Dag Skarstein, Romsdal og Bodil Lillelien, Nordmøre. Dag Skarstein har hatt ansvaret for redigeringsverktøy er det brukte ein katalogbase i biblioteksystemet Mikromarc.

Hovudordninga i bibliografien er geografisk. Alle innførslar har minst ei geografisk nemning knytt til seg. Kan innførselen knytast til ein einskild stad er det noverande kommune som er ordningsord. Dekkjer innførselen fleire enn ein kommune, er det fogderiet som blir ordningsord. Kryssar ein fogderigrensene, vert det heile fylket, men i emne-registeret vil ein likevel finne vist til dei enkelte kommunar. Om t.d. ein artikkel handlar om både Molde og Ålesund, vil innførselen stå under fylket, men i emneregisteret vil ein finne at det er vist til den både under Molde og Ålesund. I emneregisteret kan ein i tillegg til dette også finne andre geografiske einingar som t.d. Åndalsnes, Isfjorden, Veidholmen osb.

Emneregisteret inneholder også personnamn, namn på foreiningar/institusjonar og generelle emneord. På institusjonar er det brukte novverande namn eller, for avvikla institusjonar, det sist brukte namnet. Ein må

såleis sjå under Molde sjukehus, Reknes Hospital eller Reknes Sanatorium, sjølv om desse tre institusjonane har hatt skiftande namn gjennom tidene. Om dei generelle emneorda kan det seiast at dei prøver å gje att innhaldet i innførselen så fullstendig som mogeleg. Her har avgrensinga vore vanskeleg – nokre innførslar har sikkert fått for mange emneord, medan andre har fått for få. Nokre emneord er svært generelle, t.d. Folkemedisin og Sjukdomar. Desse er delt opp i meir spesielle emneord dersom omtalen har ein viss lengde, men er ikkje teke med under kommuneoppslaget. Ein artikkel t.d. om kopping vil ein finne som direkte oppslag i emneregisteret, men under kommunen vil det stå Volda – Folkemedisin (ikkje Volda – Kopping). Unntak frå dette er gjort med Spanskesjuka, Tuberkuløse og Spedalske.

Kjeldene våre har vore katalogane ved lokalsamlinga på biblioteka i Ålesund, Molde og Kristiansund, dessutan basane Norart og Samkatalogen ved Nasjonalbiblioteket. Litteraturlistene i dei analyserte bøkene er gjennomgått, her må spesielt peikast på Lær deg å elske de nære ting / Rolf Strand. – Molde, 2000 og Molde bys historie B. I–IV. - Molde 1962–1994. Av trykte bibliografiar må nemnast:
Norsk lokalhistorisk litteratur 1946–1971. B. 14. Møre og Romsdal / Universitetsbiblioteket. – Oslo, 1981
Norsk lokalhistorisk litteratur 1971–1990. B. 14. Møre og Romsdal / Universitetsbiblioteket. – Oslo, 1993
Romsdal svart på kvitt / Ola Gjendem. – Molde, 1979
Møre og Romsdal 1970–1983 / Torill Steien. – Molde, 1985
Litteratur om Romsdal / Marianne Havdal Greve. – [s.l.], 1977
Bibliografi over Molde / Eli Nesse. – Molde, [s.a.]

Vi ønskjer lykke til med bruken av bibliografien. Med nokre unntak vil skriftene som bibliografien viser til, finnast i dei lokale folkebiblioteka eller i biblioteka i Ålesund, Molde og Kristiansund – eller ved Romsdalsmuseet i Molde.

Dag Skarstein

Helse i lokallitteraturen

Møre og Romsdal

- [1] Amdam, Anne
Fysioterapi - historikk og utvikling. - i: Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år, 1986. - s. 119-122
Emne: Møre og Romsdal - Fysioterapi / Fysioterapi
- [2] Berild, Oddvar
Distriktslege i 1940-årene. - i: Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år, 1986. - s. 130-134
Emne: Møre og Romsdal - Legar / Legar / Berild, Oddvar (lege)
- [3] Beskrivelse av trafikkulykkene i Møre og Romsdal : (oppdatering fram til 1988/89) / [utarbeidet av] Kristian Sakshaug. - Trondheim : SINTEF, 1990. - 67 s. : fig., tab.. - (SINTEF-Rapport ; STF63 A90010)
Emne: Møre og Romsdal - Trafikkulukker / Trafikkulukker
- [4] Brekke, Dag
Helseråd og folkehelse. - i: Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år, 1986. - s. 123-126
Emne: Møre og Romsdal - Helseråd / Møre og Romsdal - Helsestell / Møre og Romsdal - Folkehelse / Helseråd / Helsestell / Folkehelse
- [5] Brekke, Dag
Møre og Romsdal lægeforening. - i: Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år, 1986. - s. 161-169
Emne: Møre og Romsdal - Legar / Møre og Romsdal lægeforening / Legar

- [6] Brekke, Dag
Pasienten ga ideen. - i: Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år, 1986. - s. 7-10
Emne: Møre og Romsdal - Sukkersjuke / Sukkersjuke
- [7] Bye, Marianne
«Helse i hver leder?» : En analyse av kjennetegn og utfordringer for sykehus relatert til pensum for lederutdanning av helsepersonell i Møre og Romsdal / Marianne Bye. - Prosjektoppgave som del av studiet i «Organisasjon og ledelse» ved Møre og Romsdal distrikshøgskole, Molde, våren 1994. - Molde : MRDH, 1994. - 42 s.
Emne: Møre og Romsdal - Leiarutdanning / Møre og Romsdal - Helsepersonell / Leiarutdanning / Helsepersonell (utdanning)
- [8] Bølset, Randi Mollan
Møre og Romsdal har fått sving på eldreomsorgen. - i: Sosial trygd, 1984, nr. 8/9. - s. 4-7
Emne: Møre og Romsdal - Eldreomsorg / Eldreomsorg
- [9] Caspersen, Fritz
En lungeleges møte med tuberkulosen for 50 år siden. - i: Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år, 1986. - s. 127-129
Emne: Møre og Romsdal - Tuberkuløse / Tuberkuløse / Caspersen, Fritz (lege)
- [10] Den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal 1965 - 1990 : eit skrift i samband med 25-årsjubiléet for Den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal / redaktør: Astor Furseth ; utgjeven av Møre og Romsdal fylkeskommune - Fylkestannlegen. - [Molde], 1990. - 23 s. : ill., fig.
Emne: Møre og Romsdal - Tannhelse / Tannhelse
- [11] Døssland, Atle
«Eksaminerede» jordmødre på landsbygda : eit pionertiltak i Møre og Romsdal. - Volda : Distriktshøgskolen, 1993. - 62 s.
Emne: Møre og Romsdal - Jordmødre / Jordmødre / Fødslar

- [12] Døssland, Atle
Folkevekst som aldri før. - i: Med lengt mot havet : Fylkeshistorie for Møre og Romsdal. D.I : 1671-1835 : Samlaget, 1990. - s. 422-435
Emne: Møre og Romsdal - Folketalsutvikling / Møre og Romsdal - Helsestell / Møre og Romsdal - Folkehelse / Møre og Romsdal - Jordmødre / Møre og Romsdal - Hygiene / Døde / Fødde / Epidemiar / Helsestell / Folkehelse / Jordmødre / Hygiene / Folketalsutvikling
- [13] Døssland, Atle
Poteta - eit viktig mattilskot. - i: Med lengt mot havet : Fylkeshistorie for Møre og Romsdal. D.I : 1671-1835 : Samlaget, 1990. - s. 462-464
Emne: Møre og Romsdal - Kosthald / Poteter / Kosthald
- [14] Døssland, Atle
Vekst i nord og stagnasjon i sør. - i: Med lengt mot havet : Fylkeshistorie for Møre og Romsdal. D.I : 1671-1835 : Samlaget, 1990. - s. 328-344
Emne: Møre og Romsdal - Folketalsutvikling / Døde / Fødde / Epidemiar / Folketalsutvikling
- [15] Emaus, Klara Dahle
Sykepleien / Klara Dahle Emaus og Ottar Ødegård. - i: Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år, 1986. - s. 112-114
Emne: Møre og Romsdal - Sjukepleie / Sjukepleie / Sjukepleieutdanning
- [16] Fiskergård, Peter
Røde kors i Møre og Romsdal. - i: Norges Røde Kors, 1963. - s. 305-309
Emne: Møre og Romsdal - Naudhjelp / Naudhjelp / Raudekrossen

- [17] Foranstaltninger til at undersøge radesygen og andre dermed beslægtede ondartede hudsygdomme i Romsdals amt. - i: Eyr : Et medicinsk tidsskrift, 1827. - s. 367-374
Emne: Møre og Romsdal - Sjukdomar / Rade-sjuke / Sjukdomar
- [18] Fra åbit til kvelds. - i: Fra bestemors kjøkken : mat og mattradisjoner fra Møre og Romsdal, 1991. - s. 25-28 Emne: Møre og Romsdal - Kosthald / Kosthald
- [19] Fugelsnes, Ingrid
50 år : Møre og Romsdal krets av NKS : 1943-1993. - [Tingvoll], 1993. - 120 s. : ill., port.
Emne: Møre og Romsdal - Helselag / Norske Kvinners Sanitetsforening / Helselag
- [20] Gauseth, Olav
Spredte betraktninger omkring apotekvesenets utvikling i vårt fylke. - i: Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år, 1986. - s. 100-107
Emne: Møre og Romsdal - Apotek / Apotek
- [21] Haugland, Aasbjørg
Helsesøstertjenesten. - i: Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år, 1986. - s. 115-118
Emne: Møre og Romsdal - Helsesøstre / Helsesøstre
- [22] Helland, Amund
Befolkning. - i: Topografisk-statistisk beskrivelse over Romsdals amt. D. 1. - Kristiania : Aschehoug, 1911. - s. 931-1074
Emne: Møre og Romsdal - Fødde / Møre og Romsdal - Døde / Møre og Romsdal - Folkehelse / Møre og Romsdal - Sjukdomar / Møre og Romsdal - Levekår / Møre og Romsdal - Kosthald / Møre og Romsdal - Folkemedisin / Fødde / Døde / Folkehelse / Sjukdomar / Levekår / Kosthald / Folkemedisin

- [23] Helsestell og folkemedisin. - i: Møre og Romsdal i manns minne : Samlaget, 1969. - s. 108-113
Emne: Sykkylven - Folkemedisin / Midsund - Folkemedisin / Hareid - Folkemedisin / Sande - Folkemedisin / Nerset - Folkemedisin / Sandøy - Folkemedisin / Harøy / Folkemedisin
- [24] Helsestell og folkemedisin. - i: Møre og Romsdal i nær fortid : Samlaget, 1984. - s. 83-94
Emne: Molde - Folkemedisin / Midsund - Folkemedisin / Midsund - Tobakk / Smøla - Folkemedisin / Molde - Spanskesjuka / Haram - Folkemedisin / Averøy - Folkemedisin / Vanylven - Legar / Folkemedisin / Sjukdomar / Tobakk / Spanskesjuka / Legar / Alvestad, Johan (lekmann) / Spyttbakkar
- [25] Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år / redaktører: D. Brekke, J.H. Iversen, O. Ødegård. - [S.l.] : Møre og Romsdal lægeforening, 1986. - 192 s. : ill.
[Boka er analysert i denne bibliografien]
Emne: Møre og Romsdal - Helsestell / Helsestell
- [26] Høegh, Sophus Marius Peter
Møder i Romsdals Lægeforening. - i: Norsk Magasin for Lægevidenskaben. 2. Række, B. 19. - s. 983-987
Emne: Møre og Romsdal - Legar / Legar / Romsdals Lægeforening
- [27] Høegh, Sophus Marius Peter
Romsdals Lægeforening. - i: Norsk Magasin for Lægevidenskaben. 2. Række, B. 18. - s. 1016-1018
Emne: Møre og Romsdal - Legar / Legar / Romsdals Lægeforening
- [28] Jansen, Sverre R.
Diakoni og forkynnelse i Møre. - i: Luthersk kirketidende, 1986, nr. 8. - s. 209-212
Emne: Møre og Romsdal - Diakoni / Diakoni

- [29] Johannessen, Wm.
Romsdal amt får landfysikus. - i: Årsskrift for Nordmøre historielag, 1957. - s. 73
Emne: Møre og Romsdal - Legar / Legar
- [30] Kjærstad, Torvald
Møre og Romsdal Røde kors : distriktshistorikk 1946-1990 : med litt lyrikk. - [Vartdal, 1990]. - 44 s.
Emne: Møre og Romsdal - Naudhjelp / Naudhjelp / Raudekrossen / Møre og Romsdal Røde kors
- [31] Larssen, Arne Victor
Legedekning og distriktsinndeling gjennom tidene i Møre og Romsdal fylke. - i: Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år, 1986. - s. 33-42
Emne: Møre og Romsdal - Legar / Legar / Legedekking
- [32] Løseth, Arnljot
Helse. - i: Likskap og lagdeling : Fylkeshistorie for Møre og Romsdal. D.III : 1920-1972 : Samlaget, 1996. - s. 280-281
Emne: Møre og Romsdal - Folkehelse / Folkehelse / Verdskrigen 1939-1945
- [33] Løseth, Arnljot
Liv og død. - i: Likskap og lagdeling : Fylkeshistorie for Møre og Romsdal. D.III : 1920-1972 : Samlaget, 1996. - s. 159-178
Emne: Møre og Romsdal - Spanskesjuka / Møre og Romsdal - Tuberkuløse / Møre og Romsdal - Folkehelse / Møre og Romsdal - Helselag / Møre og Romsdal - Sjukehus / Møre og Romsdal - Legar / Møre og Romsdal - Tannlegar / Møre og Romsdal - Tannhelse / Møre og Romsdal - Fødslar / Møre og Romsdal - Prevensjon / Møre og Romsdal - Svangerskap / Døde / Fødde / Spanskesjuka / Epidemiar / Tuberkuløse / Hygiene / Folkehelse / Helselag / Sjukehus / Legar / Tannlegar / Tannhelse / Fødslar / Prevensjon / Svangerskap

- [34] Løseth, Arnljot
Mat og klede. - i: Likskap og lagdeling : Fylkeshistorie for Møre og Romsdal. D.III : 1920-1972 : Samlaget, 1996. - s. 278-280
Emne: Møre og Romsdal - Kosthald / Møre og Romsdal - Klede / Møre og Romsdal - Verdskrigen 1939-1945 / Kosthald / Verdskrigen 1939-1945 / Klede
- [35] Mellbach, Else
Jordmor i distrikt. - i: Helsetjenester i Møre og Romsdal gjennom hundre år, 1986. - s. 108-111
Emne: Møre og Romsdal - Jordmødre / Jordmødre
- [36] Møre og Romsdal døveforening 50 år 24. mai 1974. - [Kristiansund, 1974]. - 23 s. : ill.
Emne: Møre og Romsdal - Døve / Møre og Romsdal døveforening / Døve
- [37] Oksvik, Olav
Møre og Romsdal. - i: Norges Røde Kors, 1954, nr. 3. - s. 67, 91
Emne: Møre og Romsdal - Naudhjelp / Naudhjelp / Raudekrossen
- [38] Olafsen-Holm, Jørgen
Helse- og medisinalstellet. - i: Romsdals amt, Møre og Romsdal fylke under kommunalt folkestyre, 1939. - s. 505-510
Emne: Møre og Romsdal - Helsestell / Helsestell
- [39] Olafsen-Holm, Jørgen
Helsestellet. - i: Romsdals amt, Møre og Romsdal fylke under kommunalt folkestyre, 1939. - s. 74-79
Emne: Møre og Romsdal - Helsestell / Helsestell
- [40] Parelius, Morten
Tro og overtro i folkemedisinen. - i: Årsskrift / Romsdal sogelag, 1952. - s. 30-33
Emne: Møre og Romsdal - Folkemedisin / Folkemedisin

- [41] Rabben, Bjarne
Helsetilstand og helsevern. - i: Folk ved havet : fiskarsoge for Sunnmøre og Romsdal. D.III, 1983. - s. 180-187
Emne: Sunnmøre - Helsetenester for fiskarar / Romsdal - Helsetenester for fiskarar / Fiskarar / Helsestell / Folkehelse / Helsetenester for fiskarar
- [42] Roland, Per
